



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 13.06.2016
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 12:00 - 17:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Magne Hestad	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Anne Christin Eide	AP	Magne Hestad, AP

Andre møtande:

Fung. rådmann Åse Elin Myking
Økonomisjef Truls Morten Kaland
Kommunalsjef Solrun Hauglum
Kommunalsjef Ann Kristin Bolstad
Einingsleiar Willy Andre Gjesdal
Kommuneoverlege Ole Miltzov Thorseth – sak 72/2016
Saksbehandlar byggesak Kåre Ulveseth – 59/2016
Landbruksrådgjevar Tore Henrik Øye – sakene 61/2016-64/2016
Politisk sekretær Sølvi Legård,



Saksliste

SAKSNR	TITTEL
56/2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
57/2016	GODKJENNING AV MØTEBOK
58/2016	REFERATSAKER OG MELDINGAR
59/2016	KLAGE PÅ VEDTAK OM OPPFØRING AV FLEIRBRUKSBOD - GNR 17 BNR 317 JAMNE
60/2016	KLAGE PÅ VEDTAK OM FJERNING AV AVFALL OG DOKUMENTASJON AV TILSTAND FOR LÅGSTANDER SKIP VED KAI PÅ GBNR 45/40,116 PÅ STAMNES
61/2016	ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID OM HJORTEFORVALTNING MED VOSS OG MODALEN KOMMUNAR ETTER KOMMUNELOVA § 28-1 b
62/2016	ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID OM HJORTEFORVALTNING MED OSTERØY KOMMUNE ETTER KOMMUNELOVA, § 28-1 b
63/2016	FASTSETTING AV FELLINGSavgifter FOR HJORT I VAKSDAL KOMMUNE - ENDRING AV SATSAR
64/2016	SAMTYKKE TIL KONSESJON VED ERVERV AV LANDBRUKSEIGEDOM, GNR 28, BNR 3, TOSKEDALEN I VAKSDAL KOMMUNE
65/2016	TILSTAND BYGG FOR KULTUR OG IDRETT
66/2016	OMBYGGING AV GBNR 14/220 PRESTEBUSTAD VAKSDAL TIL INSTITUSJON FOR EINSLIGE MINDREÅRIGE ASYLSØKARAR
67/2016	BRANNSIKRING KVARTALET DALETUNET OMSORGSSENTER
68/2016	REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR VAKSDAL KOMMUNE 2015
69/2016	TERTIALRAPPORT 1.TERTIAL 2016
70/2016	SKULESTRUKTUR I VAKSDAL
71/2016	KOMMUNEREFORM - VEDTAK OM KOMMUNESTRUKTUR
72/2016	INTERKOMMUNAL LEGEVAKT - VERTSKOMMUNEAVTALE MED VOSS KOMMUNE
73/2016	SALS- OG SKJENKELØYVE FOR PERIODEN 01.07.2016 – 30.06.2020



56/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

Ordførar foreslo å endre rekkefølga på sakene slik at sak 72/2016 vart behandla først.
Formannskapet slutta seg til dette.

FPØ - sak 56/2016 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

57/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 57/2016 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

58/2016: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 58/2016 Vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

59/2016: KLAGE PÅ VEDTAK OM OPPFØRING AV FLEIRBRUKSBOD - GNR 17 BNR 317 JAMNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskap, Plan- og Økonomiutvalet fattar følgjande vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 1-9, *tilhøva til forvaltningslova og klage*, vert klagen ikkje teke til følgje, og sendt over til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjersle.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.05.2016

Behandling:

Framlegg frå Heidi Rongved (AP) om å utsetja saka og føreta ei synfaring til staden.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 33/2016 Vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Formannskapet var på synfaring før møtet starta.

Vedtak mot 2 røyster (Bjørn Roald, H og Heidi Rongved, AP)

FPØ - sak 59/2016 Vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet fattar følgjande vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 1-9, *tilhøva til forvaltningslova og klage*, vert klagen ikkje teke til følgje, og sendt over til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjersle.



60/2016: KLAGE PÅ VEDTAK OM FJERNING AV AVFALL OG DOKUMENTASJON AV TILSTAND FOR LÅGSTANDER SKIP VED KAI PÅ GBNR 45/40,116 PÅ STAMNES

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av forureiningslova §§7 og 51 vert klagen ikkje teke til følgje, og sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Ein bør flytte tidspunkt til eigar er i stand til å ta i mot tilsyn.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 60/2016 Vedtak:

I medhald av forureiningslova §§7 og 51 vert klagen ikkje teke til følgje, og sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Ein bør flytte tidspunkt til eigar er i stand til å ta i mot tilsyn.

61/2016: ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID OM HJORTEFORVALTNING MED VOSS OG MODALEN KOMMUNAR ETTER KOMMUNELOVA § 28-1 b

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av § 28-1 b. punkt 1 i KommuneLOVA, inngår Vaksdal kommune administrativt vertskommunesamarbeid med Voss og Modalen kommunar om administrasjon av hjortevald som inngår i kommuneoverskridande bestandsplanområde for hjort.

Vaksdal kommune vert vertskommune etter § 17 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, med administrativt ansvar for å gjennomføre lovpålagte oppgåver og å treffe avgjerder etter delegert mynde frå Voss kommune og Modalen kommune, jf. § 28-1 b. i KommuneLOVA. Voss og Modalen vert samarbeidskommunar.

Reglar i Vaksdal kommune, gjevne i medhald av *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, vert gjeldande for vald i samarbeidskommunane som inngår i Vaksdal - Evanger bestandsplanområdet og Storfjellet bestandsplanområde.

Vertskommunesamarbeidet og rolla som vertskommune, føreset politisk vedtak i samarbeids-



kommunane om overføring og delegasjon av mynde til Vaksdal kommune etter § 28-1 b, pkt. 3 i KommuneLova.

Samarbeidet byrjar frå og med 15.06.2016. Delegeringa av mynde frå Voss og Modalen kommunar, gjeld berre så lenge valda inngår i felles bestandsplanområde. Administrasjon av vald som melder seg ut av bestandsplanområda i samsvar med reglane i § 14 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, fell då attende til kommunen der valda høyrer heime.

Rådmannen i Vaksdal kommune inngår skriftleg avtale med rådmannen i samarbeidskommunane i tråd med § 28-1 b, punkt 1 i KommuneLova, etter at vertskommunesamarbeidet er vedteke politisk i kommunane.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 61/2016 Tilråding:

I medhald av § 28-1 b. punkt 1 i KommuneLova, inngår Vaksdal kommune administrativt vertskommunesamarbeid med Voss og Modalen kommunar om administrasjon av hjortevald som inngår i kommuneoverskridande bestandsplanområde for hjort.

Vaksdal kommune vert vertskommune etter § 17 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, med administrativt ansvar for å gjennomføre lovpålagte oppgåver og å treffe avgjerder etter delegert mynde frå Voss kommune og Modalen kommune, jf. § 28-1 b. i KommuneLova. Voss og Modalen vert samarbeidskommunar.

Reglar i Vaksdal kommune, gjevne i medhald av *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, vert gjeldande for vald i samarbeidskommunane som inngår i Vaksdal - Evanger bestandsplanområdet og Storfjellet bestandsplanområde.

Vertskommunesamarbeidet og rolla som vertskommune, føreset politisk vedtak i samarbeidskommunane om overføring og delegasjon av mynde til Vaksdal kommune etter § 28-1 b, pkt. 3 i KommuneLova.

Samarbeidet byrjar frå og med 15.06.2016. Delegeringa av mynde frå Voss og Modalen kommunar, gjeld berre så lenge valda inngår i felles bestandsplanområde. Administrasjon av vald som melder seg ut av bestandsplanområda i samsvar med reglane i § 14 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, fell då attende til kommunen der valda høyrer heime.

Rådmannen i Vaksdal kommune inngår skriftleg avtale med rådmannen i samarbeidskommunane i tråd med § 28-1 b, punkt 1 i KommuneLova, etter at vertskommunesamarbeidet er vedteke politisk i kommunane.



62/2016: ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID OM HJORTEFORVALTNING MED OSTERØY KOMMUNE ETTER KOMMUNELOVA, § 28-1 b

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av § 28-1 b i KommuneLOVA, inngår Vaksdal kommune administrativt vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune om administrasjon av hjortevald som inngår i kommuneoverskridande bestandsplanområde for hjort.

Osterøy kommune vert vertskommune/administrasjonskommune i tråd med særskilt avtale og § 17, første ledd, i *Forskrift om hjorteforvaltning*, jf. saksutgreiinga. Med heimel i 28-1b i KommuneLOVA, medfører delegasjonen overføringa av mynde til Osterøy kommune for å utføre lovpålagte oppgåver og treffe avgjerd i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell tyding. Ansvarsområda for overføringa går fram av § 17 i hjorteviltforskrifta.

Vertskommunesamarbeidet føreset samtykke og politisk vedtak frå Osterøy kommune i høve til kommuneLOVA.

Samarbeidet byrjar frå og med 15.06.2016. Delegeringa av mynde frå Osterøy kommune, gjeld berre så lenge valda inngår i felles bestandsplanområde. Administrasjon av vald som melder seg ut av bestandsplanområdet i samsvar med reglane i § 14 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, fell då attende til kommunen der valda høyrer heime.

Rådmannen i Vaksdal kommune inngår skriftleg avtale med rådmannen i Osterøy kommune i tråd med § 28-1 b i KommuneLOVA, etter at vertskommunesamarbeidet er vedteke politisk i kommunane.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 62/2016 Tilråding:

I medhald av § 28-1 b i KommuneLOVA, inngår Vaksdal kommune administrativt vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune om administrasjon av hjortevald som inngår i kommuneoverskridande bestandsplanområde for hjort.

Osterøy kommune vert vertskommune/administrasjonskommune i tråd med særskilt avtale og § 17, første ledd, i *Forskrift om hjorteforvaltning*, jf. saksutgreiinga. Med heimel i 28-1b i KommuneLOVA, medfører delegasjonen overføringa av mynde til Osterøy kommune for å utføre lovpålagte oppgåver og treffe avgjerd i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell tyding. Ansvarsområda for overføringa går fram av § 17 i hjorteviltforskrifta.

Vertskommunesamarbeidet føreset samtykke og politisk vedtak frå Osterøy kommune i høve til kommuneLOVA.

Samarbeidet byrjar frå og med 15.06.2016. Delegeringa av mynde frå Osterøy kommune, gjeld berre så lenge valda inngår i felles bestandsplanområde. Administrasjon av vald som melder seg ut av bestandsplanområdet i samsvar med reglane i § 14 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, fell då



attende til kommunen der valda høyrer heime.

Rådmannen i Vaksdal kommune inngår skriftleg avtale med rådmannen i Osterøy kommune i tråd med § 28-1 b i Kommunelova, etter at vertskommunesamarbeidet er vedteke politisk i kommunane.

63/2016: FASTSETTING AV FELLINGSavgIFTER FOR HJORT I VAKSDAL KOMMUNE - ENDRING AV SATSAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Viltnemnda i Vaksdal kommune, ved kommunestyret, fastset følgjande fellingsavgifter for hjort i kommunen frå og med jaktåret 2016:

- Vakse dyr: kr. 350,- (frå 1 ½ år).
- Kalv : kr. 210,-.

Vedtaket er fatta i medhald av § 40 i *Lov om jakt og fangst av vilt (viltlova)* og § 6 i *Forskrift for kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*.

Vedtaket erstattar kommunestyrevedtaket om fellingsavgifter for hjort av 19.12.2001, og gjeld inntil vidare.

Alle hjortevald i Vaksdal kommune skal informerast om vedtaket.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 63/2016 Tilråding:

Viltnemnda i Vaksdal kommune, ved kommunestyret, fastset følgjande fellingsavgifter for hjort i kommunen frå og med jaktåret 2016:

- Vakse dyr: kr. 350 (frå 1 ½ år)
- Kalv : kr. 210

Vedtaket er fatta i medhald av § 40 i *Lov om jakt og fangst av vilt (viltlova)* og § 6 i *Forskrift for kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*.

Vedtaket erstattar kommunestyrevedtaket om fellingsavgifter for hjort av 19.12.2001, og gjeld inntil vidare.

Alle hjortevald i Vaksdal kommune skal informerast om vedtaket.



64/2016: SAMTYKKE TIL KONSESJON VED ERVERV AV LANDBRUKSEIGEDOM, GNR 28, BNR 3, TOSKEDALEN I VAKSDAL KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune gjev Arnt Rune Trohjell konsesjon ved erverv av gnr. 28, bnr. 3 i Toskedalen i Vaksdal kommune.

Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova, §§ 1 og 9, fjerde ledd, og i samsvar med «Strategi for praktisering av skjønnnet i saker som gjeld bu- og driveplikt i Vaksdal kommune».

Det vert ikkje sett vilkår om buplikt på eigedomen etter § 11, andre ledd, i konsesjonslova.

Det er driveplikt for jordbruksareala etter § 8 i jordlova.

Med heimel i forvaltningslova, § 27 a, og Vaksdal kommune sitt gjeldande gebyrregulativ, vert saksgebyret som følgjer: - *KODE 15.1.1. Konsesjon (maksimumsgebyr); kr 5 000,-*.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Sigmund Simmenes ba om at hans habilitet vart vurdert. Formannskapet vedtok samrøystes at han er ugild i medhald av fvl § 6 2. avsnitt.

Saksbehandlar/landbruksrådgjevar orienterte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 64/2016 Tilråding:

Vaksdal kommune gjev Arnt Rune Trohjell konsesjon ved erverv av gnr. 28, bnr. 3 i Toskedalen i Vaksdal kommune.

Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova, §§ 1 og 9, fjerde ledd, og i samsvar med «Strategi for praktisering av skjønnnet i saker som gjeld bu- og driveplikt i Vaksdal kommune».

Det vert ikkje sett vilkår om buplikt på eigedomen etter § 11, andre ledd, i konsesjonslova.

Det er driveplikt for jordbruksareala etter § 8 i jordlova.

Med heimel i forvaltningslova, § 27 a, og Vaksdal kommune sitt gjeldande gebyrregulativ, vert saksgebyret som følgjer: - *KODE 15.1.1. Konsesjon (maksimumsgebyr); kr 5 000,-*.



65/2016: TILSTAND BYGG FOR KULTUR OG IDRETT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek samandragrapporten om tilstandsvurderingar for kulturbygg til orientering. For å lukke dei branntekniske avvika på Vaksdal samfunnshall vert det løyvd midlar gjennom budsjettjustering i Tertial 1-2016.

Rådmannen får i oppdrag å:

1. søkje Riksantikvaren om midlar til å utbetre råteskadane på Kallestadstova.
2. utarbeide drøftingssak til kommunestyret om sal av Dalehallen.
3. rive Tungelandsløo så snart ein har funnet nytt øvingslokale til band.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte.

Tilleggsframlegg frå Eirik Haga:

til punkt 2.om evt. sal av Dalehellen og Messo

Røysting:

Det vart røysta punkt for punkt:

- | | |
|------------------|--------------------------|
| 1. og 2. avsnitt | Samrøystes vedteke |
| Punkt 1 | Samrøystes vedteke |
| Punkt 2 | Vedteke mot 1 røyst (SV) |
| Punkt 3 | Samrøystes vedteke |

FPØ - sak 65/2016 Tilråding:

Kommunestyret tek samandragrapporten om tilstandsvurderingar for kulturbygg til orientering. For å lukke dei branntekniske avvika på Vaksdal samfunnshall vert det løyvd midlar gjennom budsjettjustering i Tertial 1-2016.

Rådmannen får i oppdrag å:

1. søkje Riksantikvaren om midlar til å utbetre råteskadane på Kallestadstova.
2. utarbeide drøftingssak til kommunestyret om evt. sal av Dalehallen og Messo.
3. rive Tungelandsløo så snart ein har funne nytt øvingslokale til band.



66/2016: OMBYGGING AV GBNR 14/220 PRESTEBUSTAD VAKSDAL TIL INSTITUSJON FOR EINSLIGE MINDREÅRIGE ASYLSØKARAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd midlar til ombygging av gbnr 14/220, Prestebustad Vaksdal, til institusjon for einslige mindreårige asylsøkarar. Framlegg til løyving er tatt inn i budsjettjustering i Tertial 1-2016

Ombygginga skal vere ferdig slik at instituasjonen skal vere klar til bruk frå 1. november 2016.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Rådmannen kom med ei saksopplysning: Det skal ikkje stå asylsøkarar, men flyktningar.

Tilleggsframlegg frå Eirik Hara:

Rådmannen undersøker om det er mogleg å husbankfinansiere ombygginga.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Eirik Haga samrøystes vedteke.

FPØ - sak 66/2016 Tilråding:

Det vert løyvd midlar til ombygging av gbnr 14/220, Prestebustad Vaksdal, til institusjon for einslige mindreårige flyktningar. Framlegg til løyving er tatt inn i budsjettjustering i Tertial 1-2016

Ombygginga skal vere ferdig slik at instituasjonen skal vere klar til bruk frå 1. november 2016.

Rådmannen undersøker om det er mogleg å husbankfinansiere ombygginga.

67/2016: BRANNSIKRING KVARTALET DALETUNET OMSORGSSENTER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Som strakstiltak for å lukke dei branntekniske avvika på Daletunet vert det løyvd kroner 1,20 millionar kroner. Midlane skal dekke prosjektering av sprinklaranlegg for omsorgsbustader frå 1991 og administrasjonsbygg frå 1930 samt utskifting av brannsentral frå 1991.

Det vert det løyvd midlar gjennom budsjettjustering i Tertial 1-2016.

Rådmannen vert bedt om å innarbeide resterande kostnader til lukking av brannavviket i budsjett for 2017.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 67/2016 Tilråding:

Som strakstiltak for å lukke dei branntekniske avvika på Daletunet vert det løyvd kroner 1,20 millionar kroner. Midlane skal dekke prosjektering av sprinklaranlegg for omsorgsbustader frå 1991 og administrasjonsbygg frå 1930 samt utskifting av brannsentral frå 1991.

Det vert det løyvd midlar gjennom budsjettjustering i Tertial 1-2016.

Rådmannen vert bedt om å innarbeide resterande kostnader til lukking av brannavviket i budsjett for 2017.

68/2016: REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR VAKSDAL KOMMUNE 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2015 med eit mindreforbruk/overskot på kr 1.479.355,76,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret tek årsmelding for 2015 for Vaksdal kommune til etterretning.

Mindreforbruket på drifta, kr 1.479.355,76,- vert sett av slik:
Kr 1.479.355,76,- vert tilført disposisjonsfondet, konto 2569900

Levekårsutvalet 02.05.2016

Behandling:

Kommunalsjef oppvekst orienterte om tilstandsrapport for grunnskulen
Einingsleiar oppvekst orienterte om PALS

Samrøystes vedtak.

LEV - sak 12/2016 Vedtak:

Levekårsutvalet tek årsmeldinga til orientering.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.05.2016

Behandling:

Framlegg frå Kjartan Haugsnes (SV):

Saka vert utsett.

Grunngjeving:

Forskrift om årsrekneskap seier:

§ 7 Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 40/2016 Vedtak:

Saka vert utsett.

Grunngjeving:

Forskrift om årsrekneskap seier:

§ 7 Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

1. *Mindreforbruket på drifta, kr 1.479.355,76,- vert sett av slik: Kr. 279 355,76- vert sett av til oppvekst, fleire delingstimar på Vaksdal skule.*
2. *Kommunestyret ber om at kr. 200 000,- vert sett av til etablering elektronisk bibliotek og ny møtestad på Vaksdal.*
3. *Overskytande kr. 1 000 000,- vert sett av til disposisjonsfond.*

Eirik Haga ba om gruppemøte. Etter gruppemøtet vart det opplyst om at dei kunne gå for framlegget til Kjartan Haugsnes med nokre endringar:



1. Mindreforbruket på drifta, kr 1.479.355,76,- vert sett av slik: Kr. 279 355,76- vert sett av til oppvekst, fleire delingstimar i skulane. Einingsleiar disponerer desse der dei trengs mest.
2. Kommunestyret ber om at det blir lagt fram sak om etablering av elektronisk bibliotek og ny møtestad på Vaksdal.
3. Overskytande kr. 1 200 000 vert sett av til disposisjonsfond.

Rådmannen sitt framlegg og omarbeidd framlegg frå Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 68/2016 Tilråding:

Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2015 med eit mindreforbruk/overskot på kr 1.479.355,76,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret tek årsmelding for 2015 for Vaksdal kommune til etterretning.

1. Mindreforbruket på drifta, kr 1.479.355,76,- vert sett av slik: Kr. 279 355,76- vert sett av til oppvekst, fleire delingstimar i skulane. Einingsleiar disponerer desse der dei trengs mest.
2. Kommunestyret ber om at det blir lagt fram sak om etablering av elektronisk bibliotek og ny møtestad på Vaksdal.
3. Overskytande kr. 1 200 000 vert sett av til disposisjonsfond, konto 2569900

69/2016: TERTIALRAPPORT 1.TERTIAL 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport pr 1.tertial 2016 vert godkjent.

Det vert gjort følgjande budsjettjusteringar på investeringsbudsjett 2016:

- Nedjusterte budsjettmidler knytt til Tettaneset bu-visjon vert oppjustert med kr 10.250.000,-
- Nedjusterte budsjettmidler knytt til Bustader Lavik vert oppjustert med kr 3.700.000,-

Det vert gjort følgjande omdisponering av investeringsbudsjett 2016:

- Auke av investeringsbudsjett: Branntiltak Vaksdal Senter, kr 1.000.000,-. Brannsentral Daletunet, kr 600.000,-. Sprinkleranlegg Daletunkvartalet, kr 600.000,-. Ombygging Vaksdalsgarden, kr 1.000.000,-
- Finansierte med reduksjon på Investering skulebygg, kr 3.300.000,-

Det vert gjort følgjande endring i finansiering av ein del av mobilutbygging

- Finansiering over Kaptialfondet 2530010 jf. vedtak 83/2015 vert endra til Næringsfondet kto 2514500



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Fung. rådmann orienterte om sjukefråver og oppfølging av sjukemelde. Sak til AMU vart delt ut i møtet.

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

FPØ - sak 69/2016 Tilråding:

Tertialrapport pr 1.tertial 2016 vert godkjent.

Det vert gjort følgjande budsjettjusteringar på investeringsbudsjett 2016:

- Nedjusterte budsjettmidler knytt til Tettaneset bu-visjon vert oppjustert med kr 10.250.000,-
- Nedjusterte budsjettmidler knytt til Bustader Lavik vert oppjustert med kr 3.700.000,-

Det vert gjort følgjande omdisponering av investeringsbudsjett 2016:

- Auke av investeringsbudsjett: Branntiltak Vaksdal Senter, kr 1.000.000,-. Brannsentral Daletunet, kr 600.000,-. Sprinkleranlegg Daletunkvartalet, kr 600.000,-. Ombygging Vaksdalsgarden, kr 1.000.000,-
- Finansiert med reduksjon på Investering skulebygg, kr 3.300.000,-

Det vert gjort følgjande endring i finansiering av ein del av mobilutbygging

- Finansiering over Kaptialfondet 2530010 jf. vedtak 83/2015 vert endra til Næringsfondet kto 2514500

70/2016: SKULESTRUKTUR I VAKSDAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Alt. 1 Skulestrukturen i Vaksdal vert endra til ein skule for 1. – 10. årssteg på Dale og ein skule for 1. – 10. årssteg i Eksingedalen. Endringane vert iverksett slik:

1. Elevar frå Eidslandet krins får skuleplass i Vaksdal frå skuleåret 2017/2018
2. Elevar frå Stamnes skule får skuleplass på Dale barne- og ungdomsskule frå skuleåret 2017/2018
3. Det vert oppretta ein mottaksklasse for minoritetspråklege elevar frå heile kommunen ved Dale barne- og ungdomsskule frå skuleåret 2017/2018
4. Elevar frå Stanghelle skulekrins får skuleplass ved Dale barne- og ungdomsskule frå skuleåret 2019/2020. Iverksetjing føreset vedtak om nytt skulebygg og at det er ferdigstilt
5. Elevar frå Vaksdal skulekrins får skuleplass ved Dale barne- og ungdomsskule skuleåret 2019/2020. Iverksetjing føreset vedtak om nytt skulebygg og at det er ferdigstilt
6. Forskrift om skulekrinsar i Vaksdal vert handsama i eiga sak når skulestrukturen er endeleg vedteke



Alt. 2 Skulestrukturen i Vaksdal kommune vert ikkje endra frå skuleåret 2017/2018. Kjøp av elevplassar frå Modalen kommune vert avslutta etter skuleåret 2016/2017 og elevane vert frå hausten 2017 tilbakeført til eigen kommune.

Skulestrukturen i Vaksdal vert tatt opp til ny vurdering dersom elevtal eller rammevilkår endra seg slik at det faglege tilbodet vert svekka utover det som ligg i økonomiplan 2016-2019 eller etter oppdrag frå politisk nivå. Forskrift om skulekrinsar i Vaksdal vert handsama i eiga sak når skulestrukturen er endeleg vedteke.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Framlegg frå Kjartan Haugsnes på vegner av SV, KRF, H:

- 1. Kommunestyret vel alternativ OB og ber administrasjonen arbeida vidare med dette alternativet som inkluderer ny Barne- og ungdomsskule på Dale og nytt tilbygg på Vaksdal skule.*
- 2. Kommunestyret ber om at endeleg val av tomt og kostnadskalkyle for ny Dale barne- og ungdomsskule, samt nytt tilbygg på Vaksdal skule vert å handsame samstundes og lagt fram for endeleg vedtak i budsjett for 2017.*

Framlegg frå Magne Hestad, AP:

A. Vaksdal kommunestyre føretek følgjande endringar i skulestrukturen:

- 1. Elevane på barnesteget på Eidsland vert overført til Stamnes skule f.o.m. 01.08.2017.*
- 2. Elevane på ungdomsteget på Eidsland vert overført til Dale barne- og ungdomsskule f.o.m. 01.08.2017.*
- 3. Elevane på mellomsteget på Stamnes vert overført til Dale barne- og ungdomsskule f.o.m. 01.08.2017.*
- 4. Elevane på mellomsteget ved Stanghelle skule vert overført til Dale barne- og ungdomsskule når ny skule på Dale er ferdig.*
- 5. Elevane på mellomsteget ved Vaksdal skule vert overført til Dale barne- og ungdomsskule når ny skule på Dale er ferdig.*
- 6. Forskrift om skulekrinsar i Vaksdal vert handsama i eiga sak når skulestrukturen er endeleg vedteke*

B. Kommunestyret fastset følgjande for ressurstildelinga til skulane i Vaksdal:

- 1. Når to klassesteg i 1.-4.klasse går i lag skal det ikkje vera fleire enn 24 elevar i klassen.*
- 2. Når to klassesteg på mellomsteget går i lag i norsk, matematikk og engelsk skal det ikkje vera fleire enn 20 elevar i klassen.*

C. Ny skule på Dale

Administrasjonen fremjar sak om ny skule på Dale med plass til:

- 1.-4.klasse for elevar frå Dale skulekrins
- 5.-10.klasse for elevar frå Dale, Eidsland, Stamnes, Stanghelle og Vaksdal skulekrins

Utover eit nøktern og funksjonelt bygg som stettar krava til moderne skuledrift skal administrasjonen koma med framlegg om tenlege løysingar for samlokalisering av andre tenester.



D. Vaksdal skule

Administrasjonen fremjar sak om ombygging /rehabilitering av Vaksdal skule med tanke på ein skule for 1.-4.klasse og bibliotek. Dersom ein framtidig jernbanestasjon medfører at Vaksdal senter må rivast, må saka omfatta bygging av ny tenleg kombinert samfunnssal og kroppsøvingslokale.

E. Stamnes skule

Administrasjonen fremjar sak om flytting av barnehagen til skulen med tanke på å etablera eit oppveksttun frå 0 -10 år i Sanden. Uteområdet skal oppgraderast.

Tilleggsframlegg til Kjartan Haugsnes sitt framlegg på vegner av SV, KRF, H:

3. Kommunestyret forutset at elevar frå Eidslandet framleis skal ha skuleplass i Modalen.

Røysting:

Dei to framlegga vart sett opp mot kvarandre. Framlegget frå Magne Hestad fekk 3 røyster (AP) og fall.

FPØ - sak 70/2016 Tilråding:

1. Kommunestyret vel alternativ OB og ber administrasjonen arbeida vidare med dette alternativet som inkluderer ny Barne- og ungdomsskule på Dale og nytt tilbygg på Vaksdal skule.
2. Kommunestyret ber om at endeleg val av tomt og kostnadskalkyle for ny Dale barne- og ungdomsskule, samt nytt tilbygg på Vaksdal skule vert å handsame samstundes og lagt fram for endeleg vedtak i budsjett for 2017.
3. Kommunestyret føreset at elevar frå Eidslandet framleis skal ha skuleplass i Modalen.

71/2016: KOMMUNEREFORM - VEDTAK OM KOMMUNESTRUKTUR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Framlegg til vedtak frå Eirik Haga:

Med henvisning til folkerøystinga, vert det tilrådd at Vaksdal kommune framleis skal vera eigen kommune.

Framlegget vart vedteke mot 1 røyst (H).

FPØ - sak 71/2016 Tilråding:

Med henvisning til folkerøystinga, vert det tilrådd at Vaksdal kommune framleis skal vera eigen kommune.



72/2016: INTERKOMMUNAL LEGEVAKT - VERTSKOMMUNEAVTALE MED VOSS KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune inngår vertskommunesamarbeid med Voss kommune om interkommunal legevakt og godkjenner vertskommuneavtalen slik den ligg føre. Eksisterande avtale om legevakt på natt utgår ved oppstart.

Kommunestyret tar atterhald om at dei andre kommunane også inngår i legevaktsamarbeidet

Rådmann får i oppdrag å forhandle med Voss kommune om drift av kommunal ØH-seng.

Kostnadane skal innarbeidast i årsbudsjettet for 2017.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Fung. rådmann og kommuneoverlegen orienterte.

Tilleggsframlegg frå Magne Hestsad, AP:

Ny legevaktordning skal evaluerast når den har vore i drift i eit år.

Kjartan Haugsnes ba om gruppemøte. Etter gruppemøtet la han fram følgjande framlegg på vegner av SV, KRF, H:

1. *Saka vert utsett.*
2. *Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei utgreiing som tek for seg økonomiske og eventuelle personellmessige konsekvensar av å behalde dagens legevakt i Vaksdal.*
3. *Kommunestyret ber administrasjonen utgreia legevaktsamarbeid med Bergen.*
4. *Kommunestyret ber administrasjonen kontakta Samnanger, Osterøy og eventuelt Bergen kommunar med tanke på å etablera felles legevakt i Arna.*
5. *Saka vert å ta opp til endeleg vedtak innan november 2017*

Røysting:

3 røysta for framlegget frå Kjartan Haugsnes (SV, KRF, H) som dermed fall.

Tilleggsframlegget frå Magne Hestad vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 72/2016 Tilråding:

Vaksdal kommune inngår vertskommunesamarbeid med Voss kommune om interkommunal legevakt og godkjenner vertskommuneavtalen slik den ligg føre. Eksisterande avtale om legevakt på natt utgår ved oppstart.

Kommunestyret tar atterhald om at dei andre kommunane også inngår i legevaktsamarbeidet

Rådmann får i oppdrag å forhandle med Voss kommune om drift av kommunal ØH-seng.



Kostnadane skal innarbeidast i årsbudsjettet for 2017.

Ny legevaktordning skal evaluerast når den har vore i drift i eit år.

73/2016: SALS- OG SKJENKELØYVE FOR PERIODEN 01.07.2016 – 30.06.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Salsløyve

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Coop Prix Vaksdal** vert innvilga.
Løyvehavar er Coop Hordaland BA, org. nr. 982 594 421. Styrar for løyvet er Jane Helle.
Stedfortredar er Roy Stensland.

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Coop Marknad Stanghelle** vert innvilga.
Løyvehavar er Coop Hordaland BA, org. nr. 982 594 421. Styrar for løyvet er Ole-Henrik Nord.
Stedfortredar er Atle Hestad.

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Coop Prix Dale** vert innvilga.
Løyvehavar er Coop Hordaland BA, org. nr. 982 594 421. Styrar for løyvet er Else-Marie Mugaas.
Stedfortredar er Sigrun Bolstad.

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **SPAR Dale** vert innvilga.
Løyvehavar er NG Spar Vest AS, org. nr. 954 946 478. Styrar for løyvet er Elisabeth Skjerveggen.
Stedfortredar er Anniken Svenson.

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Joker Stamnes** vert innvilga.
Løyvehavar er Stamnes Handel AS, org. nr. 912 700 801. Styrar for løyvet er Roy Stien.
Stedfortredar er Nina Demring Hagen .

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Eidsland Handel** vert innvilga.
Løyvehavar er Eidsland Handel AS, org. nr. 916 583 680. Styrar for løyvet er Christoph Meyn.
Det vert gitt fritak for stedfortredar.

Det vert gitt salsløyve på følgjande vilkår:

Sals- og utleveringstidspunkt:

Sal og utlevering av i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-2000 på kvardagar.
Sal og utlevering av i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-1800 på dagar før sundagar og helgedagar.
Sal og utlevering av i gruppe 1 skal ikkje skje på sundagar og helgedagar og på stemmedag for stortingsval, fylkestingval, kommunestyreval og folkerøysting vedteken ved lov.

Salet skal følgjas gjeldane lovar, førsegner og retningsliner for omsetnad av alkohol. Salsløyvet kan inndragast ved brot på regelverket.



Alle verksemdar og einskildperonar nevnt i dette vedtaket skal ha god vandel i høve skatte- og avgiftsmessige tilhøve.

Alle salsløyve gjeld frå 01.07.2016 til og med 30.06.2020.

Skjenkeløyve

Verpelstad AS får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs på hellelagt område utanfor selskapslokale.

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 1000-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Same skjenketider gjeld også for uteområdet. Jmf. vedlagte teikning.

Løyvehavar er Verpelstad AS, org.nr. 935 198 712.

Styrar for skjenkeløyvet er Odd Reigstad. Stedfortredar er Anette Reigstad Aase.

Sjøbua v/Evelyn Eide Lode får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs på uteområde/kai i tilknytning til selskapslokale, jmf. vedlagte teikning

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 1000-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Same skjenketider gjeld også for uteområdet.

Løyvehavar er Fjord Angora – Evelyn Eide Lode, org.nr. 869 907 162.

Styrar for skjenkeløyvet er Evelyn Eide Lode. Stedfortredar er Torleiv Lode.

Bergsdalstunet får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs på uteområda "Ripshagen" og "Tunet", jmf. vedlagte teikningar.

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 0900-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Same skjenketider gjeld også for uteområdet.

Løyvehavar er Bergsdalstunet, org.nr. 970 570 985.

Styrar for skjenkeløyvet er Helge Terje Fosse. Stedfortredar er Olaug Fagerbakke.

BKK Kurscenter får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3.

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 0900-0100. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0100.

Løyvehavar er BKK AS, org.nr. 880 309 102.

Styrar for skjenkeløyvet er Eirik Vinsjansen. Stedfortredar er Åse Hauge.

Naboen Kro & Selskapsmat får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs. Dette gjeld terrasse og tilleggsareal på framsida av lokalet, jamfør sak 35/2014 FPØ.

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 0800-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Skjenketider for uteområdet vert sett til kl. 08.00-2400 for gruppe 1 og 2, for gruppe 3 vert skjenketida sett kl. 1300-2400.

Løyvehavar er Naboen Kro & Selskapsmat, org.nr. 911 707 616.

Styrar for skjenkeløyvet er Jan Erik Tollefsen. Stedfortredar er Lene Bekkenes.

Nye Dale Vertshus får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs på terrasse/platting og veranda i tilknytning til lokalet.

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 1000-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Skjenketider for uteområdet vert sett til kl. 1000-2400 for gruppe 1 og 2, for gruppe 3 vert skjenketida kl. 1300-2400.



Vaksdal kommune

Løyvehavar er Naboen Nye Dale Vertshus, org.nr. 955 760 034.

Styrar for skjenkeløyvet er Gerry Lian. Stedfortredar er Katarina Strømsheim.

Milano pizzeria Vaksdal får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 1000-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230.

Løyvehavar er Milano pizzeria Vaksdal, org.nr. 917 124 264.

Styrar for skjenkeløyvet er Halis Celep.

Skjenkeløyve vert gitt med krav om at det skal vere stedfortredar.

Det vert gitt skjenkeløyve på følgjande vilkår:

Skjenkinga skal fylgje gjeldande lover, føresegner og retningsliner for omsetnad av alkohol. Skjenkeløyve kan inndragast ved brot på regelverket.

Alle verksemdar og einskildpersonar som nevnt i dette vedtaket skal ha god vandel i høve skatte- og avgiftsmessige tilhøve.

All uteservering vert gitt på vilkår om at det vert heldt alminneleg ro slik at naboar og omgjevnadane ikkje vert unødig forstyrre. Føreligg det slik klage, vert vedtak om uteservering teke opp til ny vurdering.

Alle skjenkeløyvegjeld frå 01.07.2016 til og med 30.06.2020.

Ambulerande løyve

I medhald av Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. § 4-5 vert det gitt 2 (to) ambulerande skjenkeløyver i høve skjenking til deltakarar i slutta lag. Handsaming av desse løyvesakene vert delegert Rådmannen.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.06.2016

Behandling:

Det vart opplyst i møtet at Milano pizzeria Vaksdal ikkje har serveringsløyve. Skjenkeløyve vert difor tilrådd med atterhald om godkjent serveringsløyve.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 73/2016 Tilråding:

Salsløyve

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Coop Prix Vaksdal** vert innvilga.

Løyvehavar er Coop Hordaland BA, org. nr. 982 594 421. Styrar for løyvet er Jane Helle.

Stedfortredar er Roy Stensland.

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Coop Marknad Stanghelle** vert innvilga.

Løyvehavar er Coop Hordaland BA, org. nr. 982 594 421. Styrar for løyvet er Ole-Henrik Nord.

Stedfortredar er Atle Hestad.



Vaksdal kommune

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Coop Prix Dale** vert innvilga.

Løyvehavar er Coop Hordaland BA, org. nr. 982 594 421. Styrar for løyvet er Else-Marie Mugaas.

Stedfortredar er Sigrun Bolstad.

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **SPAR Dale** vert innvilga.

Løyvehavar er NG Spar Vest AS, org. nr. 954 946 478. Styrar for løyvet er Elisabeth Skjerveggen.

Stedfortredar er Anniken Svenson.

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Joker Stamnes** vert innvilga.

Løyvehavar er Stamnes Handel AS, org. nr. 912 700 801. Styrar for løyvet er Roy Stien.

Stedfortredar er Nina Demring Hagen .

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Eidsland Handel** vert innvilga.

Løyvehavar er Eidsland Handel AS, org. nr. 916 583 680. Styrar for løyvet er Christoph Meyn.

Det vert gitt fritak for stedfortredar.

Det vert gitt salsløyve på følgjande vilkår:

Sals- og utleveringstidspunkt:

Sal og utlevering av i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-2000 på kvardagar.

Sal og utlevering av i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-1800 på dagar før sundagar og helgedagar.

Sal og utlevering av i gruppe 1 skal ikkje skje på sundagar og helgedagar og på stemmedag for stortingsval, fylkestingval, kommunestyreval og folkerøysting vedteken ved lov.

Salet skal fylgjas gjeldane lovar, førsegner og retningslinjer for omsetnad av alkohol. Salsløyvet kan inndragast ved brot på regelverket.

Alle verksemder og einskildperonar nevnt i dette vedtaket skal ha god vandel i høve skatte- og avgiftsmessige tilhøve.

Alle salsløyve gjeld frå 01.07.2016 til og med 30.06.2020.

Skjenkeløyve

Verpelstad AS får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs på hellelagt område utanfor selskapslokale.

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 1000-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Same skjenketider gjeld også for uteområdet. Jmf. vedlagte teikning.

Løyvehavar er Verpelstad AS, org.nr. 935 198 712.

Styrar for skjenkeløyvet er Odd Reigstad. Stedfortredar er Anette Reigstad Aase.

Sjøbua v/Evelyn Eide Lode får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs på uteområde/kai i tilknytning til selskapslokale, jmf. vedlagte teikning

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 1000-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Same skjenketider gjeld også for uteområdet.

Løyvehavar er Fjord Angora – Evelyn Eide Lode, org.nr. 869 907 162.

Styrar for skjenkeløyvet er Evelyn Eide Lode. Stedfortredar er Torleiv Lode.



Bergsdalstunet får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs på uteområda "Ripshagen" og "Tunet", jmf. vedlagte teikningar. Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 0900-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Same skjenketider gjeld også for uteområdet. Løyvehavar er Bergsdalstunet, org.nr. 970 570 985. Styrar for skjenkeløyvet er Helge Terje Fosse. Stedfortredar er Olaug Fagerbakke.

BKK Kurssenter får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 0900-0100. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0100. Løyvehavar er BKK AS, org.nr. 880 309 102. Styrar for skjenkeløyvet er Eirik Vinsjansen. Stedfortredar er Åse Hauge.

Naboen Kro & Selskapsmat får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs. Dette gjeld terrasse og tilleggsareal på framsida av lokalet, jamfør sak 35/2014 FPØ. Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 0800-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Skjenketider for uteområdet vert sett til kl. 08.00-2400 for gruppe 1 og 2, for gruppe 3 vert skjenketida sett kl. 1300-2400. Løyvehavar er Naboen Kro & Selskapsmat, org.nr. 911 707 616. Styrar for skjenkeløyvet er Jan Erik Tollefsen. Stedfortredar er Lene Bekkenes.

Nye Dale Vertshus får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs på terrasse/platting og veranda i tilknytning til lokalet. Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 1000-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Skjenketider for uteområdet vert sett til kl. 1000-2400 for gruppe 1 og 2, for gruppe 3 vert skjenketida kl. 1300-2400. Løyvehavar er Naboen Nye Dale Vertshus, org.nr. 955 760 034. Styrar for skjenkeløyvet er Gerry Lian. Stedfortredar er Katarina Strømsheim.

Med atterhald om godkjent serveringsløyve får **Milano pizzeria Vaksdal** innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 1000-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Løyvehavar er Milano pizzeria Vaksdal, org.nr. 917 124 264. Styrar for skjenkeløyvet er Halis Celep. Skjenkeløyve vert gitt med krav om at det skal vere stedfortredar.

Det vert gitt skjenkeløyve på følgjande vilkår:

Skjenkinga skal fylgje gjeldande lover, føresegner og retningslinjer for omsetnad av alkohol. Skjenkeløyve kan inndragast ved brot på regelverket.

Alle verksemder og einskildpersonar som nevnt i dette vedtaket skal ha god vandel i høve skatte- og avgiftsmessige tilhøve.

All uteservering vert gitt på vilkår om at det vert heldt alminneleg ro slik at naboar og omgjevnadane ikkje vert unødig forstyrta. Føreligg det slik klage, vert vedtak om uteservering teke opp til ny vurdering.



Alle skjenkeløyvegjeld frå 01.07.2016 til og med 30.06.2020.

Ambulerande løyve

I medhald av Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. § 4-5 vert det gitt 2 (to) ambulerande skjenkeløyver i høve skjenking til deltakarar i slutta lag. Handsaming av desse løyvesakene vert delegert Rådmannen.
